



Valdis Laganovskis
Damsgårdsveien 228
5160 Laksevåg

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2192 - 22/19657

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
09.03.2022

Vedtak om pålegg for fjerning av båt ved Kallneset og varsel om tvangsmulkt

Alver kommune er gjort kjent med at ein båt du har eigarskap til gjekk ned ved Kallneset, Radøy 01.03.2022. Båten som var fortøyd der, ligg no nedsenka ved kaien på Kallneset.

Med heimel i forureiningslova § 37, jf. § 28 pålegg Alver kommune deg å fjerne båten som ligg nedsenka ved Kallneset. Frist for fjerning av båten er sett til 30.03.2022. Dokumentasjon som viser at båten er heva må sendast kommunen.

Med heimel i forureiningslova § 73 vert du varsla om at kommunen kan skrive ut tvangsmulkt dersom båten ikkje er fjerna innan fristen.

Grunngjeving for vedtaket

Det følgjer av forureiningslova § 28 1.ledd at «ingen må tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan virke skjemmande eller være til skade eller ulempe for miljøet.»

Senking av båten er i strid med forureiningslova § 28. Slik båten ligg no er den til hinder for eigar av kai og det er fare for lekkasje av motorolje og diesel.

Etter forureiningslova § 37 2.ledd har kommunen følgjande heimel «Forurensningsmyndigheten kan også gi pålegg om opprydding og fjerning til den som var eier av motorkjøretøy, skip, fly eller annen liknende større gjenstand, da det ble etterlatt i strid med § 28 eller som er eier når pålegget gis.

På bakgrunn av dette krev Alver kommunen at du fjernar båten innan 30.03.2022.

Krav om fjerning av båt er ikkje varsla etter forvaltningslova § 16. Kommunen finn at pålegget kan unnlatast varsling på grunn av faren for forureining, jf. fvl. § 16.

Kva skjer om du ikkje fjernar båten?

Dersom du ikkje fjernar båten kan kommunen sørge for fjerning av båten på eigar si rekning, jf. forureiningslova § 74 1.ledd. Kommunen vil og krevje dekkad kostnadene som har vore i tilknytning til den akutte forureininga.

Alternativt kan kommunen ilegge tvangsmulkt frem til båten er fjerna. Med heimel i forureiningslova § 73 varslar Alver kommune om at vi vil ilegge tvangsmulkt dersom båten ikkje er fjerna innan 30.03.2022.

Rettt til å gje uttale

Har du kommentarar til pålegget kan det sendast til Alver kommune innan to veker etter at varselet er motteke, jf. forvaltningslova § 16.

Tilbakemelding

Når fjerninga er utført må det sendast inn dokumentasjon for utført arbeid.

Dokumentasjon og bilete sendast til:

E-post post@alver.kommune.no

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

Plikta til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.

Forbod mot å tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall følgjer av forurensningslova § 28.

Kommunens rett til å pålegge den ansvarlege å fjerne båtvrak følgjer av forurensningsloven § 37.

Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forurensningslova §§ 78 og 79.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegerert mynde, jf. kommunelova § 5-3 tredje ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: **22/2192**

Dersom du har spørsmål til saka, kan de ta kontakt med sakshandsamar på telefon 56349006 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen

Hogne Askeland

Avdelingsleiar

Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Valdis Laganovskis

Damsgårdsveien 228

5160

Laksevåg